



Fylkesmannen i Hordaland

Sakshandsamar, innvalstelefon
Ingunn Landro Sandset, 5557 2273

Vår dato
05.08.2016
Dykkar dato
04.07.2016

Vår referanse
2016/2759 612
Dykkar referanse

Meland kommune
Postboks 79
5906 Frekhaug

Tildelingsbrev - Meland - Kompetansemidler barnehagar 2016 Prosjektnummer 21000 og 21020

Meland kommune får utbetalt **kr 122 552** til kompetansetiltak for tilsette i barnehagar i kalenderåret 2016. Tildelinga er gjort med bakgrunn i Fylkesmannen si utlysing og søknad frå kommunen.

Midlane vil om kort tid bli overførte til Meland kommune, organisasjonsnummer 951 549 770, bankkonto 1503 18 83722.

Om tilskotet

Fylkesmannen tildeler i alt kr 5 764 000 i tilskot til kompetanseutvikling i barnehagane i Hordaland. Eit grunnbeløp på kr 16.500 blir gitt til alle kommunane. Det resterande beløpet er tildelt etter talet på årsverk i barnehagar pr. 15. desember 2015.

Formål

Tilskottet skal bidra til at kommunen i samarbeid med barnehageeigarar kan gjennomføre tiltak for å auke kvaliteten i barnehagane i samsvar med kommunen sin kompetanseplan.

Kommunen skal ta omsyn til talet på kommunale og private barnehagar når det gjeld fordelinga av midlane. Av tilskotet skal 5,5 prosent brukast til særskilde tiltak retta mot assistentar/ barne- og ungdomsarbeidarar.

Rapportering

Frist for rapportering er 16. januar 2017. Midlane kan brukast i barnehageåret, men skal rapporterast på i samsvar med konkrete planar som er lagt i 2016. Legg difor særskild merke til kva som er spurt etter i rapporteringsskjemaet som er lagt ved dette brevet. Skjemaet skal erstattast av elektronisk skjema, som vi arbeider med og vil sende ut i november.

Fylkesmannen kan føre kontroll

Fylkesmannen og Riksrevisjonen har høve til å føre kontroll med at tilskottsmidlane blir brukte etter føresetnadene, jf. Løyvingsreglementet § 10 og lov om Riksrevisjonen § 12.

Dersom føresetnadene for å få tilskott ikkje er oppfylte, eller ved manglande rapportering, kan Fylkesmannen krevje tilbake tilskott.

Vedlegg: Rapporteringsskjema 2016

Med helsing

Anne Hjermann
utdanningsdirektør

Ingunn Landro Sandset
seniorrådgjevar

Brevet er godkjent elektronisk og har derfor inga underskrift